



Til:	Tancred Tjessem, Samuel Olai Grude, Sunniva Hole, Gry Eileen Grude, Edel Njærheim, Anne Beth Torgersen Høines, Hilde Malmin Kimo, Martin Haukali
Kopi til:	ADMINISTRASJON Sissel Jaktevig Johannessen, BORE SKULE Edel Njærheim, Hilde Malmin Kimo, Martin Wiig Haukali, SKULAR Vigdis Vatne, Torhild Helen Melstokkå og Jorun Beate Fylkesnes
Frå:	Jorun Beate Fylkesnes BORE SKULE

Vår ref.
24/03847-3

Dato
03.10.2024

Referat SU- møte 02.10.2024

Til stades:

Tancred Tjessem

Sunniva Hole

Gry Eileen Grude

Edel Njærheim

Anne Beth Torgersen Høines

Hilde Malmin Kimo

Martin Haukali

Torhild Helen Melstokkå

Jorun Beate Fylkesnes

elevrepresentant

foreldrerepresentant

foreldrerepresentant

representant andre tilsette

lærerrepresentant

lærerrepresentant

kommunal representant- folkevald

støtte for elevrådsrepresentant

kommunal representant- rektor

Sak 12/ 24 Godkjenning av innkalling

Innkalling godkjent med følgende kommentarar:

Elevnamna var ikkje kjent på det tidspunktet innkallinga vart sendt ut.

Korrigeringar på foreldrerepresentantar.

Høyringsdokumenta som blei informert om etter utsendt innkalling vart sendt ut i dag.

Sak 13/ 24 Konstituere medlemmane

Det kjem fram i høyringsdokument «Forskrift om skulereglar for Klepp kommune» at *«utvalet vel sjølv leiar, nestleiar og sekretær.»*

Følgjande vart vald:

Gry Eileen Grude

leiar

Sunniva Hole

nestleiar

Jorun Beate Fylkesnes

rektor

Det står og i same høyringsdokument at *«Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skulemiljøutval.»*

SU gjennomførte avstemming mellom desse to alternativa;

1. Ha avskilte su og smu- møter, der ein ekstra forelder- og elevrepresentant kjem etter su- møtet, til smu- møtet.
2. Utvide su med ein ekstra forelder- og elevrepresentant, og gjennomføre su og smu i same møte, og med same deltakarar.

Vedtak:

Einstemmig vedtatt at Samarbeidsutvalet blir utvida med ein elev, og ein forelder, og utgjer då og Skulemiljøutvalet.

Sak 14/ 24 Gjennomgang av opplæringslova §§10-4 og 10-5

Desse lovendringane er skrive på års- og møteplan for SU/ SMU.

Formål med lovendringa er blant anna å styrke brukarmedverknad.

I siste hovudutvalsmøte vart det vedteke at alle skuane nå skal ha SU, og ikkje lenger Driftsstyre.

Orienteringssak.

Sak 15/ 24 Utviklingsplan Bore skule

Rektor informerte om dei to utviklingsområda Oracy og PALS. Ein redegjorde blant anna for kven som er faste medlemmar i PALS- teamet på skulen, og om korleis ein arbeider med å implementere utviklingsområda.

Vedtak:

Utviklingsplan for Bore skule 24/ 25 vart vedteke.

Sak 16/ 24 Trygt og godt skulemiljø

Skulen viste til dokument vedlagt innkallinga, som synleggjer planar og rutinar kring Trygt og godt skulemiljø. Vidare orienterte ein om at skulen kun hadde to mindre avvik på plikta om å melde frå (tidl. Varsle) i tilsynet frå Statsforvaltaren. Rektor orienterte om talet aktivitetsplanar, som er rimeleg høgt, men at det allereie nå i haust har blitt avslutta fleire planar. Elevar som blir utsatt for krenkjande åtferd, opplever skulen som utrygg på grunn av andre, eller av årsaker i seg sjølv, kan ha aktivetsplan.

Skulen orienterte på førespurnad om fadderordninga. Ein justerer ordninga undervegs og ved behov, og både fadrear og fadderbarn blir rettleia av dei tilsette.

Sak 17/ 24 Ny sak etter utsendt innkalling: Forskrift om skoleregler etter ny opplæringslov

Etter at innkalling til SU var sendt ut, fekk rektor informasjon om tre ulike høyringar. SU behandla alle tre i møtet, og høyringsuttale frå SU ved Bore skule vil kome fram i eigne høyrings-tillegg, i tillegg til å bli referert her.

SU ved Bore skule ønskier at følgjande skal leggjast til Forskrift om skoleregler:

- §5. Reglar for åtferd, 2. underoverskrift bokstav d)
Tilføre «el- sykklar/ motoriserte køyretøy i ulike variantar.» i setninga som allereie står.
Einstemmig SU

- §5. Reglar for åtferd, 2. underoverskrift bokstav e), og §9 Reglar for bruk av mobiltelefon
Tilføre «..., og slikt utstyr skal ligge heime.»
Einstemmig SU

Sak 18/ 24 Foreldrenettverk i skulen- sak FAU evt kan følgje vidare
Rektor oppmodar FAU til å setje dette opp som sak. Sjå lenke i innkalling til møtet.

Sak 19/ 24 Rekneskap
Rektor orienterte om årsaker til overforbruket, og at ein i rapportering både skal grunngje og informere om tiltak ein sett i verk ved eigen arbeidsplass for å reduserer overforbruk.
Overforbruket er per august på 4 %.

Sak 20/ 24 Personalsituasjon
Alle stillingar er bemanna, og alle er kvalifiserte for den stillinga dei innehar.

Sak 21/ 24 Orienteringssaker
Denne saka gjekk ut pga mangel på tid, då blant anna tre høyringar har kome inn i etterkant av utsendt innkalling.

Høyring: Forskrift om skulefritidsordning i Klepp kommune

SU ved Bore skule ønskjer at følgjande skal leggjast til Forskrift om skulefritidsordning i Klepp kommune:

- Eit punkt som omhandlar at foreldre/ føresette må overhalde påmeldingsfristar til ferie- sfo.
Grunngjeving er primært for å sikre riktig bemanning, og for å kunne planleggje og organisere tilbodet for desse dagane.
Einstemmig i SU
- At foreldre/ føresette skal kunne kjøpe seg dagar i SFO i feriar. Viktig då at kommunen kjem fram til ein pris per dag, og at dette kjem fram under §6 Foreldrebetaling.
Einstemmig i SU

Høyring: Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Klepp kommune

SU ved Bore skule ønskjer at følgjande skal leggjast til Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Klepp kommune:

- §6 Behandling av søknadar om permisjon.
Forslag om at tre vekers frist gjeld for permisjonssøknadar på 3- 10 dagar.
Forslag om at søknad om inntil 2 dagar til kontaktlærer skal skje så tidleg som mogleg.
Einstemmig i SU

Kommentar til §7 Klage:

Ein må truleg utarbeide ein mal for svar på søknad om permisjon som eit enkeltvedtak slik det står det skal vera. Dette er eit internt arbeid for å sikre riktig sakshandsaming i tråd med forvaltingslova.